

MØTEREFERAT

Stad: Fylkesbygget, Bergen

Tid: Onsdag 30. april 2014, kl. 13.00

Til stades:

Johnny Stiansen	Hordaland Fylkeskommune
Reidun Rasmussen Mjør	Kvam bompengeselskap
Oddvar Brakestad	Kvam bompengeselskap
Asbjørn Tolo	Kvam Herad
Olav Finne	Statens vegvesen

I tillegg møtte:

Kaisa Tonheim Banne	Statens vegvesen
---------------------	------------------

Sakliste:

- 1) Orientering om status for prosjekta i Kvammapakka pr. mars 2014 v/Olav Finne - Statens vegvesen
- 2) Kvammapakken - framskrivning av kostnadsrammer og finansiering Hordaland fylkeskommune v/ Johnny Stiansen – Hordaland fylkeskommune
- 3) Forslag til vedtak
- 4) Eventuelt

På møtet fekk styringsgruppa ein grundig gjennomgang om status for prosjekta i Kvammapakken ved Olav Finne – jfr punkt 1 på sakslista. Likeeins orienterte Johnny Stiansen om økonomien i Kvammapakken – jfr pkt 2 på sakslista.

Vedtak:


1. Styringsgruppa sluttar seg til Statens vegvesen sitt forslag til vegproduksjon i Kvammapakken for 2014. Det inneber:
 - at parsellen Nes – Skipadalen vert ferdigstilt – 15 mill. kr.
 - at parsellen Vikøy – Norheimsund vert ferdigstilt fram til Vikøy – 12 mill. kr
 - at tiltaket i Øystese aust vert gjennomført – 5 mill. kr
 - at gang- og sykkelvegen Nes – Norheimsund vert starta opp – 10 mill. kr
 - at Lingaparsellen vert gjennomført i samsvar med vedteken reguleringsplan – 15 mill. kr
 - at gang- og sykkelveg på Kvamskogen vert starta opp – 10 mill. kr
2. Styringsgruppa ber om å få framlagt planar og reviderte kostnadsoverslag med usikkerhetsmargin +/- 10 % for følgjande tiltak:
 - gjennomføring av reguleringsplanen gjennom Vikøy
 - gang- og sykkelveg på Kvamskogen
 - resten av Lingaparsellen

Under pkt 4 eventuelt vart det avklara at Statens Vegvesen - i tillegg til Olav Finne som er fast representant i styringsgruppa - møter med andre fagpersonar frå Statens Vegvesen, etter behov.

Det vart ikkje fastlagt møteplan for styringsgruppa. For å sikra framdrift i Kvammapakken vert nye møter organisert etter behov.

Bergen 07.05.2014

Referent:


Johnny Stiansen
Fylkesdirektør økonomi
Hordaland Fylkeskommune